

## Prosjektrapport:

# Samarbeid om auka brukarkompetanse for oppslag i historiske data

Kommunearkivordninga i Vestland KO

Prosjektperiode: 01.01.2025 – 31.12.2025

## 1. Samandrag

Kommunearkivordninga i Vestland KO har i prosjektperioden gjennomført eit målretta arbeid for å styrkje kompetansen hjå saksbehandlarar når det gjeld innsyn i historiske datasett. Prosjektet har òg lagt grunnlag for meir effektiv og trygg tilgang til data frå avslutta fagsystem.

Tiltaket er ein del av satsinga *Innovasjonsarena for arkiv – Arkivspira*, og har motteke støtte frå Arkivverket.

## 2. Prosjektskildring

### 2.1 Målsetjing

Prosjektet har hatt følgjande overordna mål:

- å ta i bruk innsynsløysinga **KDRS Søk & Vis**,
- å utvikle metodikk og opplæringsopplegg tilpassa kommunal forvaltning,
- å leggje til rette for avvikling av kostnadskrevjande og driftsbelastande fagsystem.

### 2.2 Bakgrunn

Fleire kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane forvaltar enno eldre databasar som vert haldne i drift for å sikre oppslag i historiske data. Dette representerer både økonomiske og ressursmessige utfordringar.

Prosjektet tek sikte på å samle data frå ulike avvikla fagsystem og gjere dei tilgjengelege gjennom ei felles og moderne innsynsløysing som tilfredsstillar krav til sikkerheit og sporbarheit.

### 2.3 Samarbeidspartnarar

- Kommunearkivordninga i Vestland KO
- Deltakarkommunar i KAV
- KDRS – Kommunearkivinstitusjonenes Digitale Ressurscenter SA

## 3. Aktivitetar og gjennomføring

### 3.1 Tidsplan og milepålar

#### Første kvartal:

- Etablering av avslutningsrutinar og overgang til nytt fagsystem (Høyanger)
- Innleiande møte med Årdal kommune om innsyn i Visma Familia
- Kvalitetssikring av uttrekk

- Innlegg på SYSIKT-konferanse på Skei
- Førebuingar til SIARD-uttrekk frå BvPro, Familia, SystemX, Gerica og Flyvo
- Oppsett av KDRS Søk & Vis hjå depotinstitusjonen
- Utarbeiding av avtalar for sjølvbetent oppslag

#### Andre kvartal

- Demonstrasjon for Vestland fylkeskommune (31. mars)
- Presentasjon på Kontaktkonferansen 2025 (2.–3. april)
- Opplæring av saksbehandlarar gjennom kurs og verkstader
- Kurs for SYSIKT i produksjon av SIARD-uttrekk (11. april)
- Deltaking på KDRS-workshop om avanserte innsynsmalar (2.–5. juni)

#### Tredje kvartal

- Informasjons- og formidlingsarbeid mot andre kommunar
- Mottak, kvalitetssikring og klargjering av Visma Familia-uttrekk frå 13 kommunar
- Opplasting av uttrekk i KDRS Søk & Vis

#### Fjerde kvartal

- Intern opplæring i malproduksjon
- Produksjon av visningsmalar til fagsystema Visma Sampro/Samspill, Socio og Visma Velferd
- Sluttrapportering

### 3.2 Ressursbruk

Prosjektet har i hovudsak nytta interne ressursar, supplert av støtte frå systemleverandørar og interkommunale IKT-selskap.

## 4. Resultat og effektar

### 4.1 Oppnådde resultat

- Kommunane har fått etablert tilgang til historiske data gjennom **KDRS Søk & Vis** i depot
- Sjølvbetent oppslag er førebels ikkje implementert i kommunane grunna forseinkingar i uttrekksproduksjonen.
- Data er likevel tilgjengelege i depot, der oppslag kan utførast på førespurnad.
- Saksbehandlarar har gjennomgått opplæring og fått kompetanse til å nytte løysinga.
- Full bruk kan realiserast når kommunane har ferdigstilt sine uttrekk og inngått avtalar med Kommunearkivordninga i Vestland KO.
- Kommunane i SYSIKT planlegg avvikling av kostbare lisensavtalar for gamle fagsystem i overgangen 2025/2026.

### 4.2 Effektar

- Styrking av kompetanse og sjølvstende hjå kommunane
- Potensielle økonomiske innsparingar som følgje av avvikling av eldre system
- Høg overføringsverdi til andre kommunar og arkivinstitusjonar
- Kraftig reduksjon at handsamingstid av førespurnader, frå 2-3 veker til 1-3 timar.

## **5. Vidare arbeid og anbefalingar**

Prosjektet viser at det er praktisk og teknisk mogeleg å samle historiske data frå ulike fagsystem i ei felles innsynsløysing.

Kommunearkivordninga vurderer det som formålstenleg å:

- vidareføre arbeidet saman med fleire kommunar,
- etablere varige rutinar for opplæring og rettleiing,
- dele metodikk, erfaringar og malverk nasjonalt gjennom KDRS-samlingar, seminar og faglege møteplassar.

## **6. Rekneskap**

Prosjektet er tildelt **kr 50 000** i støtte. Midlane er nytta til:

- reiser til kommunane Årdal, Førde, Vik og Sandane
- deltaking på konferanse på Skei
- deltaking på SysIKT-konferanse
- deltaking på KDRS-kurs i Trondheim
- opplæring av intern ressurs i malutvikling

	<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap</b>
Arbeid med uttrekk	kr 20 000	20 923
Oppsett og drift av KDRS Søk & Vis	kr 40 000	40 624
Kurs og seminar	kr 40 000	43 629
	<b>kr 100 000</b>	<b>105 176</b>